

# Velkomne til felles middag på kyrkjelydshuset

## onsdag 22. november frå kl.16.00.



### Har du lyst til å ete middag saman med nokon fleire?

Eter ein ofte middag åleine, er det triveleg å ete i lag med nokon. For travle småbarnsfamiliar er det godt å kome til dekket bord og sleppe oppvasken etterpå. Vi inviterer store og små i alle aldrar til middag på kyrkjelydshuset, og til å delta i fellesskapet ein onsdag i månaden. Dørene opnar kl.15.30, og maten blir servert frå kl.16.00. Treffet avsluttast med ei kort samling kl.17.00.

Pris kr. 50,- for vaksne og gratis for barn opptil 12 år. Det er mogleg å betale med Vipps og kontantar.

Påmelding: Ring eller send SMS med antall personar til Elsa Jensvold mobilnr. 99518162 innan måndagen før.

Alle er hjarteleg velkomne!

Arr. Kyrkja i Surnadal